



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
089/23	Formannskapet	09.03.2023

### Kommunal overtaking av prosjekt Vidsyn

#### Vedtak i Formannskapet 09.03.2023:


1. Prosjekt Vidsyn blir gjennomført som eit kommunalt prosjekt der Sunnfjord kommune lyser ut anbod, bygger tiltaket og står som eigar av tiltaket for ettertida.
2. Kommunen legg til grunn ei budsjetttramme avgrensa til innvilga finansiering, kroner 2.175.000 +mva.
3. Sunnfjord kommune sitt bidrag er prosjekttressursar til gjennomføring av anbod, bygging og vedlikehald for ettertida.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjekt Vidsyn blir gjennomført som eit kommunalt prosjekt der Sunnfjord kommune lyser ut anbod, bygger tiltaket og står som eigar av tiltaket for ettertida.
2. Kommunen legg til grunn ei budsjetttramme avgrensa til innvilga finansiering, kroner 2.175.000 +mva.
3. Sunnfjord kommune sitt bidrag er prosjekttressursar til gjennomføring av anbod, bygging og vedlikehald for ettertida.

#### Saksutgreiing

Vidsyn er ein installasjon på toppen av trappene som dannar utgangspunktet for Hafstadkleiva. Det er stiftinga Bystiens venner som har tatt initiativet til tiltaket. Vidsyn vil fungere som eit utkikkspunkt utover Førde og Førdefjorden. Installasjonen vil samstundes vere eit synleg identitetsmerke for Førde og Sunnfjord.



Stiftinga har vore oppteken av korleis dei kan utvikle og nytte potensialet som Hafstadkleiva er både med omsyn til regionen og i ein reiselivssamanheng. Det er X-form ved Christina Kvamme som har teikna og prosjektert tiltaket. Tanken er at det skal vere eit trekkplaster som på ein moderne måte vil fortelje historia til Førde og den utviklinga som har skjedd her.

Stiftinga Bystiens venner har bedt Sunnfjord kommune om å ta over prosjektet med tanke på å lyse ut og følgje opp anbod og gjennomføre tiltaket. Tiltaket vert realisert gjennom gåvefinansiering. Det er òg frå stiftinga ønskjeleg at kommunen tar ansvar for drift og vedlikehald av tiltaket.

Når det gjeld kostnad og finansiering for prosjektet, er ramma på 3,55 million kroner eks. mva. Så langt har ein fått inn 2 175 000 million kroner. Dugnadsarbeid frå stiftinga er ikkje inkludert her. Då står det igjen å finansiere 1 million kroner gjennom ytterlegare sponsor/gåvemidlar. Stiftinga meiner dette vil ein kunne sikre i løpet av våren 2023. Dei presenterer fire alternativ:

- Først når vi har fått inn anboda veit vi prisen (kan bli billegare enn kva vi har sett opp).
- Satsar på gode tilbud frå entreprenørar (sponsorelement).
- Vi kan avgrense kostnadene knytt til «Førde si historie» og uteanlegget (amfi).
- Skaffe andre sponsorar enn dei vi alt har på plass

## Vurdering

Kommunedirektøren vurderer Vidsyn som ein særst spennande og synleg installasjon for Førde. Samstundes vil det kunne vere med å synleggjere dei urbane kvalitetane vi har. Det vil truleg bli ein plass mange søker for å ta bilete i ulike samanhengar. Avhengig av årstid, lys, lyssetting, mørke og vêr, kan plassen og installasjonen utgjere ei attraktiv ramme for å ta bilete. I så måte vil tiltaket og installasjonen vere med å bygge opp under identiteten både til dei som bur i Førde og elles i kommunen. Det vil også vere ein attraktiv stad å besøke for tilreisande.

Kommunedirektøren meiner det er naturleg at Sunnfjord kommune støttar tiltaket ved å ta ansvaret som byggherre for Vidsyn. Det betyr både å lyse ut og følgje opp anbod og

gjennomføre tiltaket. Kommunen må òg ta ansvar for drift og vedlikehald. Dette vil ha ein kostnad, men kommunedirektøren meiner dette vil vere vår del av ein total kostnad som næringslivet i all hovudsak vil måtte ta.

Kommunedirektøren meiner prosjektet må organiserast som ein totalentreprise. Det gjeld generelt for kommunale prosjekt. Det betyr at entreprenøren i avtale med byggherre (kommunen) tar på seg byggeleiinga. Det vil vere avdeling for bygg- og eigedom som får ansvaret for arbeidet. Det gjeld òg intern organisering og øvrige rammer for arbeidet.

Kommunedirektøren meiner føresetnaden for kommunen å ta over prosjektet er at finansieringa er avklart og realistisk. Ein eventuell meirkostnad, utover arbeidet med å vere byggherre, må stiftinga finne finansiering for. Det betyr at dette ikkje vil vere noko finansiell risiko for kommunen.

Med det som premiss, samt dei fire alternative måtane å sikre full finansiering på, meiner kommunedirektøren at vi kan lyse ut anbodet no.

Kommunedirektøren rår til at prosjekt Vidsyn blir gjennomført som eit kommunalt prosjekt der Sunnfjord kommune lyser ut anbod, bygger tiltaket og står som eigar av tiltaket for ettertida. Kommunen legg til grunn ei budsjetttramme-avgrensa til innvilga finansiering, kroner 2.175.000 +mva. Sunnfjord kommune sitt bidrag vil vere er prosjektressursar til gjennomføring av anbod, bygging og vedlikehald for ettertida.

Førde, den 23.02.2023

Terje Heggheim  
kommunedirektør

Trond Ueland  
leiar næring og samfunnsutvikling

---

Behandling i folkevalde organ:

**Behandling i Formannskapet 09.03.2023:**

**Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

**FORM-089/23 Vedtak:**

1. Prosjekt Vidsyn blir gjennomført som eit kommunalt prosjekt der Sunnfjord kommune lyser ut anbod, bygger tiltaket og står som eigar av tiltaket for ettertida.
2. Kommunen legg til grunn ei budsjetttramme avgrensa til innvilga finansiering, kroner 2.175.000 +mva.
3. Sunnfjord kommune sitt bidrag er prosjektressursar til gjennomføring av anbod, bygging og vedlikehald for ettertida.